

Jubileumsgudsteneste Joranger kyrkje 28. august 2022



Etter fleire utsetjingar vart det endeleg 400-års jubileum: Foto: Torodd Joranger – Me er godt nøgde

Søndag 28. August 2022 fekk Joranger kyrkje endeleg feira 400-års jubileet sitt. Sjølv om det er uvisst akkurat kva årstal kyrkja stod ferdig, fekk dei etter to år sett ein dato for markeringa. – Me tok utgangspunkt i at kyrkja var ferdig mellom 1620 og 1640, så då ville me feira i 2020, fortel Nina Høgi. Grunna koronapandemien måtte dei utsetja jubileet, men ved fyrste høve kasta dei seg rundt.

– **Me hadde full kyrkje. Det møtte opp rundt 100 stykk frå Joranger, Fet, bygdene rundt, og dessutan utflytte sogningar, og prestar som har jobba her, fortel ho.**

I samband med jubileet har kyrkja òg fått på plass ny flaumlysstavle, ei opplysningstavle, og pussa opp muren og porten.

Styret ville laga eit arrangement der alle kunne delta på alt. Dei byrja dagen med jubileumsgudsteneste i kyrkja, der Bård Valle stilte som prest, og prost Geir Paulsen deltok.

Program delt ut til kyrkjelyden:

- Frå klokketårnet: Kyrkjeringing
- Informasjon om gudstenesta
- Preludium: Korsang – Heilag, heilag
- Klokkarbøn anno 1685:

Herre! Jeg er indkommen i dette dit heilage Huus, at høre hvad du Gud Fader min Skabere, du Herre Jesus min Frelsere, du værige Hellig And i Liv og Død min Trøstermand vil tale til mig. Herre oplad nu saaledis ved din Hellig And for Jesu Christi skyld mit Hierte, at jeg kand af Prediken lære at sørge for mine Synder, og at tro i Liv og Død paa Jesum, og hver Dag i et helligt Liv og Levnet mig forbædre: Det høre og bønføre Gud ved Jesum Christum Amen!

- Salme/Gloria: 276 Gud einast Gud i himmelhøgd, 4 vers
- Syndsbekjennelse anno 1889
- Dagens kollektbøn anno 1886 12. S e trefoldighetsfest
- Tekstlesingar
- Salme: Herre Gud, ditt dyre navn og ære, 3 vers
- Preike, ikkje over 1 time
- Korsong: Du hør min bøn
- Truvedkjenninga anno 1889

Prest: Lader os bekjenne vor hellige tro! Jeg tror paa Guds Fader, Allmechtigste, Himmelend og Jordens Skaber. Jeg tror paa Jesus Kristus, Guds enbaarne Søn, vor Herre, som blev unnfangen af den Helligånd, født af Jomfru Maria, pint under Pontius Pilatus, korsfæstet, død og begravet, nedfor til Helvede, opstod tredje Dag fra de døde, opfor til Himmels, sidder hos Guds, den almægtige Faders, høyre Haand, hvorfra Han skal igjenkomme for at dømme levende og døde. Jeg tror paa den Helligaand, en hellig almindelig Kirke, de helliges Samfund, Syndees Forlatelse, Kjødets Opstandelse og det evige Liv.

- Salme 409 I dine hender Fader blid, 4 vers
- Den almindelige kirkebøn anno 1685
- Fadervor anno 1685
- Salme 532 Guds kirkes grunnvoll ene, 5 vers
- Velsignelse anno 1685 den aronittiske velsignelse
- Frå tårnet: 3 ganger 3 slag
- Postludium: Korsang : Ave verum Corpus
- Korsong ved kaffien: Alle vender augo sine til deg



Krage og Kjortel: Prest Bård Valle tok på seg finpynt men frå 1600 talet. Foto: Torodd Joranger



Under denne preika var prost Geir Paulsen presten sin medhjelpar. Tekstane som vart brukte var frå 1685. Han helsa også frå biskopen, Halvor Nordhaug, som ikkje hadde høve til å komme.

- Og så måtte eg hugse at helsinga måtte vere dagsaktuell, sa Paulsen med eit smil, og hinta til at dagen før hadde Fredrikstad slege Sogndal 5 - 2 i fotball. Biskopen er frå Fredrikstad.. Foto: Torodd Joranger



Flotte songinnslag med denne kvartetten med Roland Johansson som dirigent. F.v. Hermund Alme, Charles Brennesvik, Maria Molland og Vilma Voroblavaite. Desse var gode forsongarar under salmesongen også, songar som var av den litt eldre sorten. Foto: Torodd Joranger



Maria Molland og Vilma Voroblavaite med eit flott duettinnslag. Foto: Torodd Joranger



Ordførar i Luster kommune, Ivar Kvalen, kom òg med helsingar og gratulasjonar frå kommunen. Foto: Torodd Joranger



Torodd Johan Joranger avslutta jubileumsfeiringa med å fortelje litt frå jubileumsboka han har skrivne i anledning av 400 års-jubileet. Det var og eit foredrag om bygda, skriv lokalavisa. Foto: Ingolf Joranger



Leiar i soknerådet, Nina Kristin Høgi, (i koropninga) takka alle som hadde delteke under preika og inviterte til kyrkjekaffi på kyrkjebakken. Solbjørg Urnes Johnson stod for blomsterutdelinga. Foto: Torodd Joranger



- *Me var veldig heldige med vêret. Etter gudstenesta gjekk alle ut i sola, fortel Nina, som tykte det var kjekt at dei slapp å sitja inne heile feiringa. Foto: Solbjørg Urnes Johnson*



Foto: Torodd Joranger



*Soknerådsleiaren og Solbjørg Urnes Johnson stilte i bunad, det gjorde alle dei andre damene i soknerådet også.
Foto: Torodd Joranger*



Drøsen gikk godt. Foto: Torodd Joranger



På kyrkjebakken serverte Fet og Joranger sokneråd snittar, kaker, kaffi og brus. Og gjestene storkosa seg. Snittane smakte fortreffelig, og det vart meir enn nok til alle, og det var Ingeborg Nes svært glad for. Foto: Torodd Joranger



Det gikk unna med jubileumskakene og dei andre kakene også. Kjellaug Urnes passa på at alle fekk noko å drikke. Foto Torodd Joranger



Her kjem sikkert soknepresten med nokre "Pauli ord"? Foto: Torodd Joranger



Tidlegare sokneprest i Hafslo, Åge Mundal, og kona Anne Louise, "kom oppi det", som han sa. Anne Louise har mange gonger traktert orgla som har vore i kyrkja her. Foto Torodd Joranger



Dei som ikkje fekk plass ved borda, nytta kyrkjegardsmuren til å støtta seg til. Foto: Torodd Joranger

Meir enn ei gudsteneste

Nina ville at jubileet skulle vera meir enn berre ei gudsteneste. Det gjorde at ho fekk ein idé.

– Me har arrangert turar på gamle kyrkjeveggar eit par gonger, då har det møtt opp rundt 30 kvar gong, fortel ho.

Så langt har dei gått ein kort tur på Indre Hafslø frå Høgi til Joranger. Den andre turen gjekk frå Leirdalen i Jostedalen til Joranger.

– Leirdalen var nemleg med i Joranger sokn ei god stund, fortel ho. Åtte timar på tur var ikkje noko problem.

- Endeleg: *Nina tykte det var godt å endeleg få jubileet gjennomført.*



FEIRA: Søndag kunne soknerådet endeleg feira 400-års jubileet. (Bak f.v.): Sokneprest Bård Valle, Frank Harberg, Asbjørn Vinda, Per Tore Molland, Jon Ingar Bukve (Framme f.v.): Solbjørg Urnes Johnson, Ingeborg Nes, Helga Tverberg, Kjellaug Urnes, Nina Høgi (ikkje til stades på bilete: Margit Slotto Rygg). Foto: Solbjørg Urnes Johnson

Teksten i artikkelen er i hovudsak henta fra Embla Gjerde Sviggum sin artikkel i Sogn avis publisert 02.09.2022 og Torodd Joranger sitt innlegg på Facebook den 29.08.2022.